

Einebustad med garasje til sals - sentralt i Uskedalen.

20.05.2020



Einebustad md garasje i Myro 26 ligg ute for sal. Meir info. på Finn.no.

**Ein einebustad på eit plan i sentrum ligg ute for sal på Finn.no. Huset med garasje er bygd i 1991. Anlegget er velhalde, i god stand og er verdisett til 1,5 mill. kr. Omkostnader på vel kr. 38.000,- kjem i tillegg. Huset ligg i eit etablert bustadfelt, Myro, med gangavstand til butikk og elles alle sentrumsfunksjonar.**

Huset med gateadresse Myro 26 er på 72 rutemeter og har tilsaman 6 rom. Det er stove med vedovn, to soverom, kjøken, bad og bod. I tillegg kjem terasse og garasje. Garasjen er samanbygd med huset. Inngangspartiet er overbygd. Det er varmekabler i stove og på badet. Hagen med plen og beplanting er lettsett. Det er asfaltert plass for parkering.

Huset ligg vakkert til med god utsikt mot Storsund, Skorpo og Hardangerfjorden. I vest og sør ligg dei storslagne fjella Manen, Englafjell og Ulvanoso. Uskedalen er ei sentrumsbygd i Kvinnherad med eit stabilt foketal, butikkar, båthamner, camping, badestrand, skule, barnehage og ei rekke kulturtildelinger som aktivitetshus med klatrevegg, kunstgrasbane med aktivitetspark, ungdomshus og bedehus.

Tett ved ligg Friluftspllassen, eit friområde med lavvo som kan brukast av alle. Det er merka turvegar og stiar i nærområde og i fjella rundt bygda.

Uskedalen vert rekna som ei attraktiv bygd med eit variert næringsliv og aktivitetar heile året.

**For meir informasjon: Sjå Finn.no eller ring seljar på mobil 483 50 753.**

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jan Gjertsen